

Skogsveg gir god økonomi

Skogsveg kan lønna seg for deg som er skogeigar.

Kristofer Tveiterå

Ein skogsveg er ein bil- eller traktorveg som blir bygd til å tene skogdrift. Bygging av skogsveg kan gi deg som skogeigar økonomisk gevinst i form av lågare transportkostnader under hogst. Samstundes blir det lettare å skjøtta skogen og mindre kjøreskader i terreng.

Fleirbruk og økonomi

Det er ikkje berre under hogst og skogsarbeid at du får glede av skogsvegen. Mange skogeigarar vel å legge opp til fleirbruk av vegen. Skogsvegar blir populære turvegar, og kan i tillegg til tømmerdrift bli brukt til trening og rekreasjonsformål. Nokre stader samarbeider skogeigarar med idrettslag som brukar skogsvegar aktivt blant anna til jogging og skigåing i skogsområder som elles ville vore uframkomelege for mange.

Vegen kan og bidra til økonomien, då den aukar taksten på eigedomen og kan generere nokre kroner i kassa gjennom å ta betalt for passering og parkering med bil.

Når lønner det seg med skogsveg?

Dei som har hogstmoden skog som ikkje står lett tilgjengeleg bør vurdere å bygge skogsveg. Planlegg slik at du bygger veg før du byrjar ein hogst.



Kan lønna seg: Skogsvegar er ein viktig del av infrastrukturen i skogbruket. Det er bygd om lag 50 000 km skogsveg i Noreg. I Rogaland er det dei siste fem åra bygd 14 km veg kvart år, primært til skogbruksformål.

Skogsvegar kan mange gonger bidra til lågare driftsprisar ved uttak på grunn av kortare transport i terrenget. Ein må vurdere om skogsvegen vil utløysa stort nok volum og høg nok transportsparing til at vegbygginga vil svara seg økonomisk. Dette er noko skogansvarleg i kommunen kan gi råd om.

Spleis med naboen!

Under planlegginga av hogst og veg er det naturleg å sjå på kva vegnett som finst i området frå før. Kan dette forlengast eller bør ein byggja nye vegar for å få dei mest optimale løysingane? Det kan vera økonomisk lønsamt å samarbeida med naboar. Då kan løysingane bli betre og utgiftene kan bli fordelt på fleire. Eit samarbeid kan og ofte gi høgare tilskot. Dersom ein vel å samarbeide om ein veg, er det lurt å stifte eit veglag som har ansvar for vegen.

Skogeigar med spørsmål?

Bondevennen presenterer ein serie artiklar frå Skogselskapet i Rogaland, mynta på den urøynde skogeigaren. Informasjonen er relevant for skogeigarar også i andre fylke. Denne er den fjerde av i alt fem artiklar.



Ryddar veg: Kristofer Tveiterå er halvt vegplanleggar for Fylkesmannen i Rogaland, halvt skogbruksjef i Hjelmeland kommune. Han vaks opp blant furuskog på Tveitarå i Suldal og har tatt mastergrad i skogfag på NMBU.

Planlegging av veg

Før du går i gang med eit vegprosjekt, tar du kontakt med skogbruksansvarleg i kommunen. Her kan du få gode råd på om det vil svare seg å byggja veg, og om du bør prøva å få til eit samarbeid med fleire. Kommunen kjenner og til kva tilskotsordningar som er tilgjengelige ved skogsvegsbygging og kan hjelpe med søknad.

Ved større veganlegg vil det vera hensiktsmessig å bruka ein vegplanleggjar. Her kan ein få hjelp til å finna dei beste løysingane til vegen og kvar ein vegtrasé bør bli lagt. Ein kan få hjelp til grovstikking av vegen i tillegg til områdeplanlegging, slik at ein får oversikt over kva område som soknar til den aktuelle vegen. Dette kan vera grunnlaget til ein søknad om bygging av landbruksveg som skal sendast til kommunen.

Når vegen har fått byggjeløyve, kan ein søkje tilskot. Dette skal sendast til kommunen der eigdommen ligg. Skogbruksansvarleg i kommunen sender søknaden vidare til Fylkesmannen. Her er det skogavdelinga til fylkesmannen som vurderer om vegprosjektet er ei forsvarlig og god løysing og om det er grunnlag for å gi tilskot til vegbygginga. Normalt ligg tilskot til skogsvegar mellom 40-60 prosent av byggekostnaden, og kanskje endå høgare om ein samarbeider med fleire (50-70 prosent). I nokre kommunar kan ein også søkje kommunale tilskot til vegbygging. Det finst ganske gode tilskotsordningar til vegbygging, men dette kan variera etter kva område vegen blir bygd i. Ofte vil ikkje arbeid som vegplanleggjaren har gjort før ein har fått tilsegn om tilskot på vegen bli fakturert.

Bygging av veg

Etter at ein har fått tilsegn om tilskot, blir vegen detaljplanlagt av vegplanleggjar. Denne planen blir grunnlag for ein anbudsrunde der entreprenørar gir pris på bygging av vegen. Prisen blir ofte presentert som kr/meter ferdig veg. Gjennomsnittlig pris på ein ferdig bilveg er 740 kr/meter og 550 kr/meter for tung traktorveg. Skogeigar, eller veglaget, avgjer kva



God planlegging gir økonomi! Skogsveg som blir bygd og godkjend før hogst kan du få støtte til både frå Fylkesmannen og nokre stader frå kommunen.

entreprenør ein vil bruke. Vurderinga må takast ut frå pris og/eller kvalitet. Ein bør følgje med på at vegen blir bygd slik det er avtalt i kontrakten. Vegplanleggjar kan vera med og sjekka kritiske punkt under bygginga. Det er enklare og billigare å retta opp eventuelle feil undervegs.

Med passande reiskap og maskinar kan du som skogeigar få lågare pris ved å utføre nokre arbeidsoppgåver sjølv. Til dømes å rydde vegetasjon som står der vegen skal byggjast.

Ferdigstilling

Når vegen er ferdig, skal det meldast inn til kommunen at vegen er fullført. Kommunen skal då ut og kontrollere at veganlegget er bygd i tråd med krava. Til gjennomføring av kontrollen blir det brukt eit skjema med fleire sjekkpunkt, og dette skal signerast av

kommunen som dokumentasjon på at vegen er ferdig godkjent.

Etter ferdiggodkjenning ber du om å få sluttutbetaling av tilskot. Du sender då inn utfylt rekneskapsamandrag med dokumenterte kostandar til kommunen. Kommunen reviderer og godkjenner rekneskapet og kontrollerer dei faktiske utgiftene. Utfylt rekneskapsamandrag saman med resultatkontrollskjema blir sendt vidare til Fylkesmannen for godkjenning og utbetaling av tilskot fordelt på den enkelte skogeigedommen.

Skogrådgjevar i kommunen og vegplanleggjar kan hjelpa med råd og rettleiing gjennom heile prosessen. Folk må ikkje vera redde for å ta kontakt og spørja om stort og smått som dei lurar på. Det er også laga ein eigen nettstad for skogsveg, denne finn ein på **Skogsvei.no**